



## KONTROLLUTVALET I BJERKREIM

# PROTOKOLL

<b>Utval:</b> Kontrollutvalet i Bjerkreim	<b>Møtenr.:</b> 1-2012	<b>Møtedato:</b> 13. februar 2012	<b>Utvalssaksnr.:</b> 1/12 - 8/12
<b>Innkalt:</b> Magne Vaule Brit Tengesdal Geir Ove Svela Tyra Skårlund Mauritz Bjerkreim	<b>Forfall:</b> Mauritz Bjerkreim  Varamedlem Magnus Helland møtte.		
<b>Andre:</b> Rådmann Inge Stangeland, Bjerkreim kommune Kommunalsjef Rune Andersen, Bjerkreim kommune Kommunalsjef Bodil Heskestad, Bjerkreim kommune Oppdragsansvarlig revisor Annebeth M. Mathiassen, Rogaland Revisjon IKS Daglig leder Wencke S. Olsen, RKS			

### **Innkallinga vart godkjent med følgjande merknader:**

- Møtetidspunkt skal vera kl. 08.30 på alle møter så sant ikkje anna er avtalt.
- Det mangla vedlegg i sak 3/12.

### **1/12 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

Forslag til vedtak vart samråystes vedtatt.

#### **VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå møte den 14.11.2011.

### **2/12 Orientering frå administrasjonen.**

Første del av denne orienteringa vart halden for lukka dører i hht OFL § 13 jfr. KL § 31.3 og FVL § 13 1). Rådmann Inge Stangeland, og kommunalsjefane Rune Andersen og Bodil Heskestad orienterte.

Andre del, som gjaldt kommunens forsikringar, vart halde for opne dører. Rådmann Inge Stangeland og kommunalsjef Bodil Heskestad orienterte.

Kontrollutvalet foreslo følgjande forslag til vedtak, kulepunkt ein:

- Kontrollutvalet tar orientering ang. brev frå Sivilombudsmannen 20.05.11 til orientering.

Magne Vaule sette fram følgjande forslag til kulepunkt to – med mindre presiseringar frå kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet syner til brev frå utdanningsdirektoratet datert 16/12-2011, og vil be kommunestyret om å vurdera ein utvida tiltaksplan mot mobbing. Ein slik tiltaksplan bør m.a. omfatta følgjande:
  - Kommunen sluttar seg til ”manifest mot mobbing”
  - Kommunen etterlever alle pålegg frå fylkesmann og utdanningsdirektorat
  - Det må brukast eksterne fagfolk der kommunen ikkje har eigen kompetanse
  - Vidare kompetanseheving i skulane
  - Alle lag og organisasjonar for barn og unge får tilbod om opplæring/bevisstgjering av leiarar/trenarar
  - Det bør vera ei målsetting at Bjerkreim kommune skal verta ein føregangskommune når det gjeld arbeidet mot mobbing
  - Kommunen bør vurdera å utpeika ein ”prosjektleiar” som får ansvar for gjennomføring av tiltaka, og at kommunen etterlever eigne tiltaksplanar.

Det vart sett fram følgjande forslag til vedtak kulepunkt tre:

- Kontrollutvalet er nøgd med rådmannens forsikring om at alle aktuelle bygg nå er gjennomgått, og tar rådmannens gjennomgang til orientering.

Alle framsette forslag vart samrøystes vedtatt.

#### VEDTAK:

- Kontrollutvalet tar orientering ang. brev frå Sivilombudsmannen 20.05.11 til orientering.
- Kontrollutvalet syner til brev frå utdanningsdirektoratet datert 16/12-2011, og vil be kommunestyret om å vurdera ein utvida tiltaksplan mot mobbing. Ein slik tiltaksplan bør m.a. omfatta følgjande:
  - Kommunen sluttar seg til ”manifest mot mobbing”
  - Kommunen etterlever alle pålegg frå fylkesmann og utdanningsdirektorat
  - Det må brukast eksterne fagfolk der kommunen ikkje har eigen kompetanse
  - Vidare kompetanseheving i skulane
  - Alle lag og organisasjonar for barn og unge får tilbod om opplæring/bevisstgjering av leiarar/trenarar
  - Det bør vera ei målsetting at Bjerkreim kommune skal verta ein føregangskommune når det gjeld arbeidet mot mobbing
  - Kommunen bør vurdera å utpeika ein ”prosjektleiar” som får ansvar for gjennomføring av tiltaka, og at kommunen etterlever eigne tiltaksplanar.
- Kontrollutvalet er nøgd med rådmannens forsikring om at alle aktuelle bygg nå er gjennomgått, og tar rådmannens gjennomgang til orientering.

**3/12 Ny plan for forvaltningsrevisjon. Innspel frå administrasjonen/informasjon til politisk nivå**

Punktet ang. innspel frå administrasjonen utgår til neste møte.

Kontrollutvalet foreslo at møte med politiske leiarar/utvalsleiarar vert sett til onsdag 25. april kl. 17.30.

Dette vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet ønskjer møte med politiske leiarar/utvalsleiarar onsdag 25. april kl. 17.30, og ber sekretariatet senda ut vedlagt informasjon forut for dette møtet.

**4/12 Kontrollutvalets oppgåver og ansvarsområde - kommunale rekneskap**

Oppdragsansvarleg revisor Annebeth M. Mathiesen orienterte om kommunale rekneskap.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar revisors gjennomgang av kommunale rekneskap til orientering.

**5/12 Kontrollutvalets budsjett - årsrekneskap for 2011**

Kontrollutvalet foreslo følgjande tilleggspunkt:

- Kontrollutvalet oppfordrar kommunen til å sjå til at utgifter som ikkje angår kontrollutvalet, som revisjon av sokneråd og liknande, ikkje vert belasta kontrollutvalets budsjett.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med denne tilføyninga.

**VEDTAK:**

- Kontrollutvalet i Bjerkreim tar oversikt over årsrekneskapet for kontrollutvalets budsjett 2011 til orientering.
- Kontrollutvalet oppfordrar kommunen til å sjå til at utgifter som ikkje angår kontrollutvalet, som revisjon av sokneråd og liknande, ikkje vert belasta kontrollutvalets budsjett.

**6/12        Oppfølging av politiske vedtak i klageutvalet - 2010 og 2011**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet tar oppfølging av politiske vedtak knytt til kommunens klageutval i 2010 og 2011 til orientering.

**7/12        Årsmelding 2011, kontrollutvalet i Bjerkreim**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

- Kontrollutvalet i Bjerkreim vedtar det framlagte forslaget til årsmelding for 2011.
- Årsmeldinga vert oversend kommunestyret i Bjerkreim til orientering.

**8/12        Kontrollutvalets saker - statusoversikt pr. februar 2012**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar statusoversikten for februar 2012 til orientering.

**Underskrifter:**

Me stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leiar av kontrollutvalet

Sekretær for kontrollutvalet